



Statens vegvesen



Endring av takst- og rabattsystem for E134 Stordalstunnelen

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjera bompengeinnkrevjinga enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgende endringar frå 01.03.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 pst. rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Stordalstunnelen/Hordaland Fylkeskommune vert automatisk gjort om til etterskotsavtaler med 20% rabatt. Lokale forskotsavtaler med 30%-50% rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Stordalstunnelen/Hordaland Fylkeskommune for å oppnå lokal rabatt på 30%-50% rabatt vert avvikla. AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringar frå 1. mars verte trekt frå hovudavtala. Sluttavrekning og eventuelt innestående beløp på tilleggsavtalar vert tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

Tilskot til reduserte bompengar

Prosjektet E134 Stordalstunnelen har fått tilskot frå tilskotsordninga for reduserte bompengetakstar utanfor dei største byområda. I tråd med føresetnadene for tilskotsordninga er takstane som no vert kunngjort reduserte med 10 pst. i høve til det dei elles ville vore.

Nye takstar som gjeld frå 01.03.2018:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
E134 Stordalstunnelen	Kr 41,00	Kr 56,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for E134 Stordalstunnelen etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretninglinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteopdrag*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

For meir informasjon: www.ferde.no

Takstendringa kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.